



Sunnfjord kommune

Areal- og byggesak

Abdulhannan Adnan Hannan
Prestebøen 25
6809 FØRDE

Vår ref.:
25/8813-5

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:
Anniken Heggedal

Dato:
11.02.2026

Varsel om oppstart av planarbeid - detaljregulering Nye Førde omsorgssenter

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla opp oppstart av detaljregulering Nye Førde omsorgssenter i Sunnfjord kommune.



Planområdet er på om lag 39 daa, og føremålet er å legge til rette for nytt omsorgssenter. Statistikk og demografiske prognosar viser at ein aukande del av befolkninga vil trenge slike tenester framover. Ein ny institusjon vil kunne tilby naudsynte og spesialiserte omsorgstenester.

Det er framlagt to alternativ, å bruke tomte til Førde barneskule til nytt omsorgssenter, og utbygging på eksisterande sjukeheim i Førde. Begge alternativa vil vere aktuelle, og for å sikre areal til å vidareutvikle tenestetilbodet vil Sunnfjord kommune varsle begge områda. Prosessen vil avklare endeleg kva for eit område reguleringsplanen skal omfatte.

Sunnfjord kommune varslar oppstart av planarbeidet, medan sjølve utarbeidinga av planen skal gjerast av ein ekstern plankonsulent. Denne plankonsulenten er ikkje valt på dette tidspunktet.

Planavgrensing



Krav om planprogram/konsekvensutgreiing

På bakgrunn av at planområdet er regulert til offentlig og privat tenesteyting i kommuneplanen sin arealdel 2024-2030 vurderast det at det ikkje er krav om planprogram eller KU.

Oppstart

Oppstart vert annonsert i avisa Firda. Meir informasjon finn ein på Sunnfjord kommune sine nettsider under kunngjeringar. Naboar og aktuelle partar vert med dette varsla direkte.

Vidare saksgang og medverknad

Det er høve til å komme med innspel/merknader til varsel om planoppstart. Alle innkomne merknadar vil bli vurdert i det vidare planarbeidet. Når det er utarbeidd forslag til detaljreguleringsplan med plankart og føresegner, vil reguleringsplanen bli lagt ut på høyring og offentlig ettersyn. Det vil då igjen vere høve til å komme med innspel og merknader til det konkrete planforslaget.

Frist for innsending av merknadar:

Merknadar må merkast med saksnr. 25/8813 og sendast til:

- SUNNFJORD KOMMUNE
Postboks 338
6802 Førde

Eller via [eDialog](#), som de finn på Sunnfjord kommune sine nettsider.

Frist for innsending av merknad er: **13. mars 2025**

Med helsing

Anniken Heggedal
rådgjevar

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Kopi til:

Sunnfjord Kommune Postboks 338

6802

FØRDE

Vedlegg:

1. Planavgrensing
2. Planinitiativ
3. Referat fra oppstartsmøtet - Detaljregulering Nye Førde Omsorgssenter
4. Vurdering av behov for KU